



Aukra kommune

Aukra – full av energi

Alkoholpolitisk retningsline

P360 20/01535

Vedteke i K-sak: 30/20, den 18.06.2020

Gjeldande for løyveperioden 2019 – 2023
frå kommunestyrets vedtaksdato

Innhald

1.	Innleiing	3
2.	Heimel	3
3.	Definisjonar	4
4.	Lovgrunnlaget.....	4
5.	Delegering av mynde.....	6
6.	Status i Aukra kommune	7
7.	Målsetting.....	7
8.	Verkemiddel i alkoholpolitikken.....	8
9.	Krav til løyvehavar og styrar	10
10.	Sals- og skjenketider for alkoholhaldig drikk.....	10
11.	Sals- og skjenkeløyve med avgrensingar - løyveperiode.....	11
12.	Søknad om løyve	13
13.	Søknadsfrist og gebyr	14
14.	Sakshandsaming	14
15.	Kontroll med skjenke- og salsstadar.....	15
16.	Brot på alkohollova.....	16
17.	Reaksjonar ved brot	17
18.	Klage	19
19.	Andre forhold	19

1. INNLEIING

Alkohollova regulerer tilgangen av alkoholhaldig drikk blant anna gjennom løyvesystemet, ved fastsettjing av vilkår for korleis sal og skjenking skal skje, og kontroll med at vilkåra vert haldne. Lova inneholder også reglar som tek sikte på å påverke etterspurnaden, som for eksempel forbod mot alkoholreklame.

All omsetjing av alkoholhaldig drikk krev særskilt offentleg løyve, og dei fleste løyve vert gjevne av kommunen. Prinsippet bak det kommunale løyvesystemet er at tilgang av alkohol i hovudsak skal fastsettast av lokale styresmakter, dvs. kommunestyret.

Alle løyve skal følgje alkohollova. Brot av alkohollova eller forskrifter gjeven i medhald av den, kan medføre inndragning av løyve. Slike brotsverk er også straffbare.

Alkohollova gjev kommunen utstrekkt fridom til å fastsetje sin eigen alkoholpolitikk. Kommunen kan blant anna fastsetje kor mange sals- og skjenkeløyve den ønsker å gje, gje retningslinjer for kva typar arrangement og aktivitetar som skal få løyve, setje grenser for opningstider og styre kontrollarbeidet for å sikre at regelverket vert etterlevt. Den kommunale rusmiddelpolitikken er derfor viktig for å regulere omsetjinga av alkohol og redusere alkoholrelaterte problem.

Retningslina skal vere styrande for alkoholpolitikken i kommunen under det sitjande kommunestyret. Den rusmiddelpolitisk handlingsplanen er lagt til grunn ved revidering av den alkoholpolitiske handlingsplana, som no er gjort om til ei alkoholpolitisk retningsline.

Retningslina erstattar den førre planen som vart vedteke i K-sak 17/16 inkl. korrigeringar vedteke per 13.06.2016 (ePhortenr. 16/151-7).

1.1 Endringar som er gjort sidan førre vedtak:

- Korrigert lovtekst og heimlar, samt forbetra litt på innhaldet (ikkje av prinsipiell karakter)
- Endra tidspunkt for sal og utlevering for påske-, pinse-, jul- og nyttårsaftan frå kl. 15.00 til seinast kl. 16.00.
- To nye punkt om delegering av mynde til kommunedirektøren. Desse punkta er merka med raud skriftfarge i kap. 5.
- Endringar i løyveperioden under kap. 11 pkt. 11.1: Foreslår at bevillingsperioden vert automatisk vidareført (treng ikkje søke om ny bevilling) med ulike føresetnader. Endringa er merka med raud skriftfarge.

2. HEIMEL

Lov av 02.06.1989 om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholloven) med tilhøyrande forskrifter regulerer innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk.

Det følgjer av alkoholloven § 1-7 d at kommunen skal utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. I Aukra kommune har vi Rusmiddelpolitisk handlingsplan. Den alkoholpolitiske retningslinja er ein del av denne handlingsplanen.

3. DEFINISJONAR

Følgjande definisjonar, som også følgjer av alkohollova, blir lagt til grunn:

Sal

Overføring av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag for drikking utanfor salsstaden, jf. alkohollova § 1-4 fyrste ledd.

Skjenking

Sal for drikking på staden. Som skjenking blir rekna det også når bevillingshavar veit om at det skal drikkast i delar av huset hans som han har råderett over, eller på andre stader som han har råderett over, eller på huset si nærmaste tilliggelser, jf. alkohollova § 1-4 anna ledd.

Bevilling

Sal og skjenking av alkoholhaldig drikk som blir omfatta av retningslinjene, kan berre skje på grunnlag av kommunal bevilling, jf. alkohollova § 1-4a.

Elles blir det vist til alkohollova kapittel 1 for ytterlegare definisjonar.

4. LOVGRUNNLAGET

4.1 Regulering av omsetjing

Sal, skjenking, engrossal og tilverking av alkoholhaldig drikk kan berre skje på grunnlag av løyve etter alkohollova, jf. § 1- 4a.

4.2 Alkoholhaldig drikk

Med alkoholhaldig drikk meinast drikk som inneholder meir enn 2,5 volumprosent alkohol, jfr. alkohollova § 1-3.

Drikk med lågare alkoholinnhald fell utanfor lova sine reguleringar, jf. § 1-5 om aldersgrensene som får bruksområde på drikk som inneholder meir enn 0,7 volumprosent alkohol, og reklameforbodet i § 9-2 fyrste ledd, som får bruksområde på reklame for andre varer med same merke eller kjenneteikn som drikk som inneholder meir enn 2,5 volumprosent alkohol.

All alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir vert rekna som brennevin.

Alkoholhaldig drikk vert delt inn i følgjande grupper

- Gruppe 1: Drikk som inneholder over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol
- Gruppe 2: Drikk som inneholder over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol
- Gruppe 3: Drikk som inneholder mellom 22 og 60 volumprosent alkohol

4.3 Løyve

Sal, skjenking og tilverking av alkoholhaldig drikk kan berre skje på grunnlag av løyve etter alkohollova, jf. § 1-4a.

4.4 Typar løyve

Det sentrale skiljet mellom sal og skjenking er at ved sal skal drikking skje utanom salsstaden, mens ved skjenking skal drikking skje på skjenkestaden.

Kvar sals- eller skjenkestad må ha eiga løyve, jf. alkohollova § 3-1 andre ledd og § 4-2 fjerde ledd. Dersom ei verksemd driv fleire stadar, skal det i utgangspunktet vere eit løyve til kvart sals- eller skjenkelokale. Dette er grunngitt i kontrollomsyn.

Kommunen kan gje to hovudtypar løyve, jf. alkohollova § 1-4:

- Salsløyve (kapittel 3 i lova)
- Skjenkeløyve (kapittel 4 i lova); permanent, for ein bestemt del av året eller for eit enkelthøve

Salsløyve

Sal av all alkoholhaldig drikk krev kommunal løyve, jf. kapittel 3.

- Det kan knytast vilkår til salsløyva.
- Kommunen kan fastsetje kor mange løyve han vil gje.
- Salsløyva må knytast til eit bestemt meldt areal.
- Sal kan berre skje i dei lokala som er omfatta av løyva.
- Kommunen kan krevje at det vert lagt fram ei arealforklaring som kan leggjast til grunn for behandlinga.

Kommunen har to alternative måtar å regulere omfanget av salsløyva på:

- alkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent (AS Vinmonopolet).
- alkoholhaldig drikk som inneheld høgst 4,7 volumprosent alkohol.

Skjenkeløyve

Skjenking av alkoholhaldig drikk krev normalt løyve, jf. alkohollova § 1-4a. Med dei unnataka som følgjer av kapittel 5, vert skjenkeløyve gjeve av kommunen, jf. § 1-7 første ledd. Løyva kan gjelde ope arrangement eller berre gjelde for deltakarar i slutta selskap. Det kan dessutan opprettast ambulerande løyve som først i samband med den aktuelle bruken vert kopla til person og lokale, jf. § 4-5. Det kan også setjast vilkår til løyva som vert gjevne.

Ulike skjenkeløyve:

- **Alminneleg (permanent) løyve**
Vanleg løyve vil seie permanent skjenkeløyve for skjenking av alkoholhaldig drikk heile eller delar av året, med lengd inntil fire år (kvar periode er fire år). Slik løyve må på høyring hos NAV, politi, kemner og Skatt Midt-Noreg.
- **Skjenkeløyve for lukka selskap/arrangement, enkelthøve (ambulerande skjenkeløyve for eit enkelthøve)**

Dette er ein type skjenkjeløyve for enkelthøve for lukka selskap, eksempelvis klubbkveld i sjakklubb, bryllaup ol.

Denne typen løyve er meint for mindre foreiningar som ønskjer å skjenke alkohol ein enkelt kveld mot vederlag i samband med eit lukka selskap/arrangement, enkelthøve. Det avgjerande for å kunne nytte ein slik type løyve er at søker på førehand har ei liste over kven som skal delta på arrangementet og at dette ikkje er ope for alle.

Med enkelthøve vert arrangement forstått som ikkje vert gjennomført som noko fast ordning men knyter seg til ei spesiell hending eksempelvis bryllaup, årsmøte i foreining ol.

- **Skjenkeløyve for ope selskap/arrangement, enkelthøve (alminneleg skjenkeløyve for eit enkeltståande høve)**

Dette er typen skjenkjeløyve for arrangement som vert gjennomført enkeltvis og som rettar seg mot publikum (ope arrangement).

Eit enkelthøve er eit arrangement som ikkje vert gjennomført som noko fast ordning, eksempelvis konsert, dans, opning av nytt bygg/næringsverksemd mv. Slik løyve må først på høyring hos NAV og politiet før løyve eventuelt kan tildelast.

4.5 Aldersgrenser

Det er forbode å servere alkoholhaldig drikk til personar under respektive 18 og 20 år, jf. § 1-5. Brot på lova kan krevje inndraging av løyve og straffeansvar.

Sal, skjenking eller utlevering av alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir må ikkje skje til nokon som er under 20 år.

Sal, skjenking eller utlevering av alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent må ikkje skje til nokon som er under 18 år.

Den som sel eller skjenker alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir, må vere over 20 år, og den som sel eller skjenker annan alkoholhaldig drikk, må vere over 18 år. Dette gjeld likevel ikkje servitør med kokk- eller servitørfagbrev, eller ved sal av drikk som inneholder mellom 0,7 og 2,5 volumprosent alkohol når ein person over 18 år har dagleg tilsyn med salet.

5. DELEGERING AV MYNDE

Kommunestyret er vedtaksorgan i saker om alminneleg (permanent) skjenke- og salsløyve.

Kommunedirektøren

- er delegert mynde til å fatte vedtak om ambulerande skjenkeløyve, og skjenkeløyve for eit enkelthøve.
- er delegert mynde til å fatte vedtak om alminneleg skjenke- og salsløyve i inntil 3 månaders lengd, fram til eit politisk vedtak er fatta.

- er delegert mynde til å godkjenne ny løyvehavar for gjeldande skjenke-/utsalsstad.
- er delegert mynde til å inndra eit sals- og/eller skjenkeløyve.
- **kan inngå avtalar med kontrollørar i samband med kontroll av sals- og skjenkestader og har ansvar for praktisk administrasjon av dette.**
- **kan godkjenne mindre endringar i bevillinga som ikkje er av prinsipiell karakter.**

6. STATUS I AUKRA KOMMUNE

I Aukra er det fire butikkar som har løyve til å selje alkohol. I tillegg er det ein skjenkestad som har løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i alle tre alkoholgruppene. Søknadane om sals- og skjenkeløyve er handsama politisk og gjeld for ei fireårig periode.

Oversikt over mengd alkohol i liter

Status	2016	2017	2018	2019
Sal av alkoholhaldig drikk	100 471	116 045	162 431	167 926
Skjenking av alkoholhaldig drikk	9 302	5 306	3 102	3 216

Auke i sal av alkoholhaldig drikk i 2018 skuldast at den nye daglegvarebutikken hadde sitt første heile driftsår.

7. MÅLSETTING

Kommunen sin alkoholpolitikk (løyvepolitikk) skal vere eit viktig verkemiddel for å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan innebere. Kommunen sin ruspolitiske handlingsplan saman med alkoholpolitisk retningsline skal ligge til grunn i arbeidet med alkoholpolitikken.

Folkehelsearbeid er samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar befolkninga si helse og trivsel, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding. Vidare skal arbeidet verne mot ytre helsetruslar, samt arbeid for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa. Alkoholpolitisk retningsline skal vere med på å fremje folkehelsearbeidet i kommunen.

Retningslina skal samtidig vere med på å gje rammer for trygge og positive opplevingar rundt stadar der det er naturleg å servere alkohol.

Alkoholpolitisk retningsline er eit tydeleg signal om kommunen sine haldningar til rusmiddel. Retningslina skal også vere eit viktig bidrag/verkemiddel i arbeidet med å skape gode haldningar til rusmiddel hos innbyggjarane i kommunen.

Kommunen vil understreke at barn, unge og unge voksne er ei viktig målgruppe i det førebyggjande arbeidet. Det er derfor viktig å oppretthalde familie-, idretts- og fritidsarrangement som er retta inn mot barn og unge som alkoholfrie soner.

Aukra kommune sett krav om at løyveinnehavarar gjennomfører ordninga med Ansvarlig Vertskap og Ansvarleg sal, som er eit tiltak for mellom anna å motverke overskjenking.

Retningslina gjeld for alle søkerar dersom det ikkje er spesielle forhold knytt til staden eller til søker.

8. VERKEMIDDEL I ALKOHOLPOLITIKKEN

Kommunen sitt viktigaste val av verkemiddel for å nå målsetjinga er følgjande:

Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det
Stimulere til og leggje til rette for at det skal vere attraktive møtearenaar i kommunen, særleg for barn og ungdom, der alkohol ikkje vert servert.	Forankre MOT-arbeidet i kommunen og leggje til rette for og vere pådrivar for haldningsskapande arbeid og bevisstgjering av ungdom. MOT skal vere meir synleg på fritidsarenaane til ungdommene. Fond for rusførebyggjande tiltak for barn og ungdom i Aukra kommune skal vere ein viktig motivasjonsfaktor for å arrangere rusfrie arrangement for denne målgruppa. Fondet skal gjerast kjend for publikum via heimesida og andre arenaar som naturleg er i denne målgruppa.
Som hovudregel skal det ikkje skjenkast eller seljast alkohol ved kommunale arrangement eller i kommunale bygg ope for allmenta.	Avgjerd om dette skal fattast av ordføraren.
Stadar som bl.a. driv med automatspel skal ikkje kombinere dette med alkoholkonsum.	Det vert ikkje fatta positivt vedtak om skjenkeløyve for driftskonsept som inkluderer oppstilling av utbetalingsautomatar.
Aukra kommune ønskjer å regulere kven som skal få skjenkeløyve i alkoholgruppe 1, 2 og 3. Dette gjeld alminneleg løyve og løyve for enkelt anledning.	Serveringsstadar kan få løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3. Enkeltanledning gjeld berre for alkoholgruppe 1 og 2.
Aukra kommune ønskjer å gjennomføre eit kvalitativt godt kontrollarbeid med stadar som har løyve for sal og skjenking av alkohol.	Aukra kommune er ansvarleg for at sals- og skjenkestadene vert kontrollert Skjenkestadene skal kontrollerast 3 -4 gonger i året av godkjende kontrollørar. Butikkane som sel alkoholhaldig drikk, skal kontrollerast 3 -4 gonger per år av godkjende kontrollørar. Kontrollane kan vere både varsle og uvarsle.

	<p>Arrangement der det vert skjenka alkoholhaldig drikk, skal få både varsla og uvarsla kontrollar gjennom året. Dette gjeld arrangement med skjenkeløyve for eit enkeltståande høve.</p>
<p>Ansvarleg vertskap Skjenkestadar som har alminneleg skjenkeløyve skal gjennomføre kurset Ansvarleg vertskap. Ansvarleg vertskap er eit program for å setje fokus på skjenking og skjenkestadar i kommunane. Føremålet er å førebyggje og få bort overskjening, skjenking til mindreårige og rusrelatert vald gjennom meir ansvarleg skjenking og sal av alkoholhaldig drikk. Auka kompetanse hos tilsette og leiarar vil gjere det lettare å fatte riktige avgjerder i vanskelege arbeidssituasjonar.</p>	<p>Aukra kommune skal følgje opp at løyvehavarane gjennomfører ordninga med Ansvarleg vertskap. Når kurset Ansvarleg vertskap er gjennomført vil skjenkestaden få status som Ansvarleg vertskap.</p>
<p>Ansvarleg sal Salsstadar som har alminneleg salsløyve skal gjennomføre kurset Ansvarleg sal. Ansvarleg sal er eit program for å setje fokus på sal og salsstader i kommunane. Føremålet er å førebyggje og ha fokus på eventuelt sal til mindreårige og rusrelatert vald gjennom meir ansvarleg sal av alkoholhaldig drikk. Auka kompetanse hos tilsette og leiarar vil gjere det lettare å fatte riktige avgjerder i vanskelege arbeidssituasjonar.</p>	<p>Aukra kommune skal følgje opp at løyvehavarane gjennomfører ordninga med Ansvarleg sal. Når kurset Ansvarleg sal er gjennomført vil salsstaden få status som Ansvarleg alkoholhandtering.</p>
<p>For å sikre at krav som er fastsett i eller i medhald av alkohollova vert overhaldne, skal innehavarar av sals- og skjenkeløyve føre internkontroll med den verksemda som har slik løyve.</p>	<p>Dokumentasjon for gjennomført internkontroll skal leggjast fram for kontrollmyndet.</p>

9. KRAV TIL LØYVEHAVAR OG STYRAR

9.1 Løyvehavar

Salsløyve

Løyvet vert gjeve til den juridiske eininga (personen) som har det direkte økonomiske ansvaret for sal av alkohol.

Skjenkeløyve

Løyva vert gjeve til den juridiske eininga (personen) som har den direkte økonomiske interessa i og ansvaret for skjenkinga av den alkoholhaldige drikka.

9.2 Felles krav til kommunale skjenkeløyve

Krav til vandel

For å få eit skjenkeløyve, må løyvehavar og personar med vesentleg påverknad av verksemda, ha uklanderleg vandel i forhold til alkohollovgjevinga og avgjerder i anna lovgjeving som har samanheng med føremålet til alkohollova, i tillegg skatte-, avgifts- og reknesakslovgjeving. Kravet til vandel er ein føresetnad for å få løyvet.

Styrar og vara

For kvart løyve skal det vere ein styrar og ein vara for styraren. Berre personar som har det daglege ansvaret for salet eller skjenkinga, kan veljast som styrar/vara. Styraren skal derfor sørge for at verksemda er organisert på ein slik måte at skjenkinga av alkoholhaldig drikk skjer etter gjeldande regelverk. Styrar har ansvaret for at dei tilsette har nødvendig kunnskap om regelverket. Vara skal tre inn i styraren sitt fråvær.

Styrar og vara for styrar må godkjennast av løyvemyndet (kommunen), vere over 20 år og dei må ha ei godkjend kunnskapsprøve. Styrar må i tillegg også ha ei godkjend etablerarprøve. I følgje serveringslova av 1998, med seinare oppdateringar, inneheld lova krav om at styraren til serveringsstaden må ha ei godkjent etablerarprøve før serveringsstaden får serveringsløyve. Kommunen står som arrangør av prøva mot eit gebyr.

Dersom det er søkt om løyve for eit enkelthøve eller ambulerande skjenkeløyve, er det ikkje krav til kunnskapsprøve.

Kunnskapsprøva

Styrar og vara for sals- og skjenkeløyva må ha dokumentert kunnskap om alkohollova og må ta ei kunnskapsprøve hos kommunen. Gebyret for å ta prøva er på kr. 400,-. Bevis for bestått kunnskapsprøve er gyldig på ubestemt tid.

10. SALS- OG SKJENKETIDER FOR ALKOHOLHALDIG DRIKK

Maksimaltider for sals- og skjenketider er regulerte i alkohollova med forskrift. Aukra kommune har i tillegg vedteke følgjande avgrensingar:

10.1 Skjenketider

Skjenketidene er regulert i alkohollova § 4-4 og kommunestyret har etter andre ledd mulegheit til å regulere dette. Skjenketidene er slik:

- Skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er kl. 08:00 – 01:30 der lokala har opningstid til kl. 02.00.
- Skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er kl. 13:00 – 01:00 der lokala har opningstid til kl. 02.00.

For eit enkelthøve (slutta selskap) kan kommunen gje dispensasjon etter søknad når det ligg føre særlege grunnar. Dispensasjonsspørsmålet vert avgjort av ordføraren.

10.2 Salstider

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 frå forretningar skjer slik:

- Kvardagar kl. 08:00 - 20:00
- Laurdagar kl. 08:00 - 18:00

Sal og utlevering på dagar før bevegelige heilagdagar kan ikkje skje etter kl. 18.00, og på påske-, pinse-, jul- og nyttårsaftan ikkje etter kl. 16.00.

I følgje vallova er det ikkje lenger forbod mot å selje alkoholhaldig drikk på valdagen dersom kommunestyret ikkje har merknadar til det.

11. SALS- OG SKJENKELØYVE MED AVGRENSINGAR – LØYVEPERIODE

I følgje Helsedirektoratet kan kommunen fastsetje sin eigen alkoholpolitikk i tillegg til det som er regulert i alkohollova med forskrift. Kommunen kan blant anna fastsetje kor mange sals- og skjenkeløyve kommunen ønskjer å ha, gje retningsliner for kva typar arrangement og aktivitetar som skal få løyve, setje grenser for opningstider og styre kontrollarbeidet for å sikre at regelverket vert følgt.

Eit løyve kan innvilgast for eit bestemt høve, for ein bestemt del av året eller for opp til fire år av gongen. Det er opp til kommunen å vurdere om ein søknad om løyve skal innvilgast, men eit avslag skal forklarast. Det er også opp til kommunen å vurdere kva type alkoholhaldig drikke søker får skjenkeløyve for.

Vi viser vidare til målsetjinga og verkemidlane ovanfor.

11.1 Alminneleg (permanent) skjenkeløyve i alkoholgruppe 1, 2 og 3

Aukra kommune har etter alkohollova mulegheit til å regulere kva grupper eller kven som kan få løyve om skjenking i gruppe 1, 2 og 3.

I Aukra kommune kan permanent skjenkeløyve berre innvilgast til verksemder som driv med servering av mat og drikke, og som har fått serveringsløyve etter serveringslova.

Vedtak om skjenkeløyve vert fatta av kommunestyret og gjeld for ei kommunestyreperiode på 4 år dersom noko anna ikkje er bestemt. Dersom det ikkje kjem inn ny søknad etter kommunestyreperioden er avslutta, gjeld skjenkeløyva fram til 30. september.

Vanlege sals- og skjenkeløyve vert gitt for inntil fire år, men stoppar seinast 30. september året etter at kommunestyret er konstituert, jf. alkohollova § 1-6.

NYTT:

Kommunen kan vedta at bevillingar ikkje skal stanse, men gjelde vidare for ein ny periode på inntil fire år med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltre.

Aukra kommune skal så langt det er mogeleg nytte retten til å vidareføre gjeldande bevillingar. I dei tilfella det ikkje er tvilsamt at ny bevilling vil bli gitt, skal bevillinga vidareførast.

Ein føresetnad for å vidareføre gjeldande bevillingar er at alkoholpolitikken er gjennomgått etter kommunevalet, jf. alkohollova § 1-6. Ved vidareføring kan det også setjast nye vilkår for bevillinga.

Bevillingshavarar som har fått bevillinga inndrege føregåande periode, eller som har fått meir enn 12 prikkar i løpet av ein bevillingsperiode vil ikkje få den allereie gjeldande bevillinga automatisk vidareført, men må søkje om ny bevilling. Aukra kommune vil varsle dei bevillingshavarane som dette gjeld. Elles blir momenta i alkohollova § 1-7a lagt til grunn ved vurderinga om bevillinga skal vidareførast eller om det må søkjast ny bevilling.

Dersom kommunen får søknad om skjenkeløyve ut over dette, tek kommunestyret stilling til søknadane fortløpende.

11.2 Skjenkeløyve for enkeltståande høve i alkoholgruppe 1 og 2

Løyve for skjenking ved enkeltståande høve gjeld berre for alkoholgruppe 1 og 2.

Mynde til å avgjere søknader om skjenkeløyve for ei enkel anledning, er delegert til kommunedirektøren.

Eit skjenkeløyve for eit enkeltståande høve er eit løyve til å selje alkoholhaldig drikk under eit arrangement som skal vere ope for publikum. Dersom arrangementet skal vere for ei lukka forsamling, kan det i staden søkjast om ambulerande skjenkeløyve.

Eit skjenkeløyve for ei enkel anledning kan nyttast for lokale der det elles ikkje er tillate å selje alkoholhaldig drikk, som for eksempel ei tilstelling i eit samfunnshus. Ein person må stå som ansvarleg for skjenkinga. I tillegg må det i søknaden opplysast kven som skal vere vara for styraren. Personane må vere over 20 år.

Eit arrangement som har fått skjenkeløyve for eit enkeltståande høve, er undergjeven den ordinære kontrollen frå kommunen sine skjenkekontrollørar og vil kunne bli oppsøkt under arrangementet.

Presiseringar

- Arrangement som rettar seg mot ungdom under 18 år får ikkje innvilga skjenkeløyve. Unnateke er større dansearrangement, festivalar eller liknande. Slike søknader vert vurdert etter kvart som det vert søkt om dette.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve for eit enkeltståande høve i kommunale bygningar. Ordføraren kan gje dispensasjon frå denne regelen.
 - Dette gjeld ikkje bebruarar som oppheld seg i institusjonar, jf. § 8.9.4. Vi viser elles til alkohollova kapittel 8, spesielle påbod og forbod.
 - Dette gjeld heller ikkje for bygningar som vert definert som samfunnshus/kulturhus.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til kioskar og gatekjøkken.
- Det vert ikkje sett tak på tal på enkeltløyve i denne perioden.
- Søknader om enkeltståande høve som ikkje er nemnd ovanfor, vert vurdert etter kvart som det vert søkt om slike løyve.

11.3 Salsløyve i alkoholgruppe 1

Salsløyve av alkoholhaldig drikk med høgst alkoholinnhald på 4,7 volumprosent, kan berre skje på grunnlag av kommunalt løyve. I følgje ruspolitisk handlingsplan er det berre daglegvarebutikkar som kan få vedtak om salsløyve.

Vedtak om salsløyve vert fatta av kommunestyret og gjeld for ei kommunestyreperiode på 4 år. Dersom det ikkje kjem inn ny søknad etter kommunestyreperioden er avslutta, gjeld salsløyva fram til 30. september.

Søknad om salsløyve vert vurdert kontinuerleg ut frå følgjande retningsliner:

- Nyetablerte stadar der det skal seljast alkoholhaldig drikk, bør ikkje ligge for nær skular, ungdomsklubbar, idrettshallar og liknande, der barn og ungdom oppheld seg.
- Daglegvareforretningar kan berre få tildelt salsløyve i gruppe 1.
- Alkoholhaldig drikkevarer skal plasserast på ein slik måte at dei ikkje kan forveklast med alkoholfrie varer. Alkoholhaldige drikkevarer skal plasserast på ein slik måte at kontrollørane lett kan avdekkje avvik.
- Bedrifta skal ha eit system for internkontroll for å sikre at krav fastsett i eller i medhald av alkohollova (§ forskrift § 8-1) vert haldne.
- Løyvehavar skal gjennomføre opplæring i alkohollova med sine tilsette som ein del av internkontrollen, og kassebeteninga bør gjennomføre kurs i ansvarleg sal når dette vert tilbode.

Presiseringar

Søknadar om løyve til sal av alkohol som ikkje er nemnd ovanfor, vert vurdert etter kvart som det vert søkt om slike løyve.

12. SØKNAD OM LØYVE

Løyva vert gjevne av kommunestyret med mindre det vert gjeve statleg løyve etter kapittel 5 i alkohollova, jf. § 1-7. Kommunedirektøren er delegert mynde til å fatte vedtak om enkeltståande høve og ambulerande løyve, jf. kapittel 5 (Delegering av mynde) i retningslinia.

Ved søknad om sal og skjenking av alkoholhaldig drikk skal Aukra kommune sitt søknadsskjema nyttast. Skjema ligg på kommunen sine internetsider under skjema. Løyve vert gjeve til den som skal vere styrar for løyvet. Det må også opplysast kven som skal vere vara for styrar.

Ved søknad om nytt løyve skal følgjande uttale seg:

- Sosialtenesta
- Politiet

Det kan også innhentast uttale hos følgjande:

- Skatte- og avgiftsstyresmaktene
- Plan- og utbyggingstenesta

Det kan i tillegg innhentast uttale frå mattilsynet og brann- og feiarvesenet og andre instansar dersom kommunen ser det som naudsynt.

13. SØKNADSFRIST OG GEBYR

Søknader om ambulerande skjenkeløyve, løyve for eit enkeltståande høve og utviding av skjenketid for eit enkeltståande høve må vere kommunen i hende **seinast 1 veke før** arrangementet vert halde.

Søknad om flytting av eit skjenkelokale til eit anna lokale for eit enkeltståande høve, må vere kommunen i hende **seinast 3 veker før** arrangementet vert halde.

Ved skifte av styrar og vara for styrar («stedfortreder») må kommunen vere orientert **seinast 2 veker før** skiftet skal tre i kraft.

- Gebyr for ambulerande skjenkeløyve og løyve for enkelt anledning følgjer gebrysatsen etter alkohollova.
- Gebyr for gjennomføring av etableraprøva følgjer gebrysatsen etter alkohollova.
- Gebyr for gjennomføring av kunnskapsprøva følgjer gebrysatsen etter alkohollova..

Gebyra vert justert i tråd med endringar i Alkohollova.

14. SAKSHANDSAMING

Alkohollova § 1-7 og 1-7a gjev retningsliner for saksbehandlinga ved søknad om løyve. Det går fram av føresegne at avgjerder av søknadar om løyve er skjønnsmessige, og at det kan trekkjast vide rammer for kva omsyn som kan vektleggjast. Generelt kan det seiast at alle omsyn som fremjar alkohollova sitt føremål er relevante, men det kan også til ein viss grad leggjast vekt på andre omsyn enn dei som direkte fremjar lovføremålet. Avgjerda må likevel treffast på sakleg grunnlag.

Kommunen har stor fridom til å leggje vekt på færre eller fleire omsyn enn dei som er nemnt i § 1-7a. Kommunen kan vidare setje vilkår for eit løyve. Den står likevel ikkje helt fritt, då

vilkåret må ha sakleg samanheng med dei løyva som vert gjevne, for eksempel fremje alkohollova sitt føremål, lette kontrollen eller avverje skadeverknadene ved sal av alkoholhaldig drikk. Det vert ikkje kravd at kommunen dokumenterer konkrete faktiske verknader av det føreslårte vilkåret. På den andre sida må vilkåret ikkje vere urimeleg tyngjande eller av andre grunnar vere urimeleg. Det er ein samanheng mellom desse to krava: Dess klarare vilkåret fremjar føremålet til lova, desto tyngre vilkår kan aksepteras.

Ved vurdering om løyve skal tildelast, må kommunen legge vekt på følgjande:

- Målsetjingar og føringer lagde i ruspolitisk handlingsplan
- Plasseringa av staden
- Staden sin karakter
- Driftskonsept og målgruppe
- Trafikk- og ordensmessige forhold
- Næringspolitiske omsyn
- Innbyggjarane sin rett til nattero etter kl. 23.00
- Omsynet til lokalmiljøet elles
- Omsyn til ei eventuell kartlegging av folkehelsa i kommunen og resultatet av ho.
- Om søkjor og personar nemnde i alkohollova § 1-7b er eigna til å ha sals- eller skjenkeløyve, dvs. vist uklanderleg vandel i forhold til alkohollovgjevinga eller avgjerder i anna lovjeving som har samanheng med alkohollova sitt føremål, samt skatte-, avgifts- og rekneskapslovgivinga, jf. § 1 -7.

15. KONTROLL MED SKJENKE- OG SALSSTADAR

Kontrollen med kommunale løyve er lagt til kommunen, jf. alkohollova § 1- 9. Kontroll av skjenke- og salsstadar vert regulert av forskrift om omsetjing av alkoholhaldig drikk m.v. av 8. juni 2005 kap. 9:

§ 9-7. Salgs- og skjenkestedene skal kontrolleres så ofte som behovet tilsier. Hvert sted skal kontrolleres minst en gang årlig. Kommunen skal årlig utføre minst tre ganger så mange kontroller som de har salgs- og skjenkesteder

Kommunen kan når som helst krevje inngang til sals- og skjenkestaden sine lokale og rekneskapar, krevje å få naudsynte opplysningar om rekneskap og drift frå løyvehavar og kontrollere føring av internkontroll etter forskrifta kapittel 8.

Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketidene, aldersfastsetjing, og at det ikkje vert selt eller skjenkt til personar som er openberty påverka av rusmiddel. Kontrollane kan også rette seg mot forhold kommunen synest er føremålstenlege. Skjenkekontrollar skal utførast av to personar som saman kontrollerer skjenkestadene.

Serveringsstadar med låg alkoholomsetnad vil i større grad få open kontroll. Stadar med høg alkoholomsetnad, 18- års aldersgrense og med skjenketid til kl. 01:30, vil òg få anonyme kontrollar. Kontrollane vil skje på alle vekedagar med hovudvekt på fredagar og laurdagar.

Kontroll av skjenkestadar skal bl.a. omfatte:

- Skjenking til openbert påverka personar
- Aldersgrenseføresegner for gjestar og skjenkepersonale
- Skjenketid/opningstid
- Eventuelt forbod mot skjenking
- Skjenking ut over løyvet sitt omfang
- Etterleve alkohollova sine føresegner om internkontroll
- Skjenkestaden si plikt til å føre alkoholsvak og alkoholfri drikk
- Forholdet mellom betening, gjestar og tilstanden til skjenkestaden
- Om skjenkestaden overheld alkoholreklameforbodet
- Generell orden i lokalet

Kontroll på sals- og skjenkestadar skal skje 3-4 gonger per år per løyvestad eller oftare om det er behov for det.

16. BROT PÅ ALKOHOLLOVA

Det er viktig med eit konsekvent, rettferdig og opplagt reaksjonssystem dersom alkohollova sine føresegner ikkje vert overhaldne. Det er viktig at det vert gjeve reaksjonar ved brot på alkohollovgivinga, då dette er eit viktig verkemiddel for å etterleve alkohollova sitt føremål om å i størst mogeleg utstrekning kunne avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan innebere.

16.1 Alkohollova § 1-8. Inndraging av sals- og skjenkeløyve

Føresegna regulerer kommunen sitt høve til å dra inn kommunale sals- eller skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i løyveperioden. Når løyvet er inndrege, vert retten tapt til å utøve skjenking eller sal av alkoholhaldig drikk for den perioden inndraginga gjeld.

Inndragingsperioden kan vare ut resten av løyveperioden eller for kortare tid, avhengig av kva som er grunnlaget for inndragingsvedtaket.

Inndraging av løyve kan skje når vilkåra for å ha løyve ikkje lenger er oppfylt, for eksempel at kravet til uklanderleg vandel i § 1-7b ikkje er fylt.

16.2 Tildeling av prikkar

Kommunen er pliktige til å gje prikkar ved regelbrot og dra inn løyve ved 12 prikkar. Eit brot kan medføre frå ein til åtte prikkar. Systemet for tildeling av prikkar er heimla i alkohollova § 1-8 tredje ledd.

I tilfelle der innehavar av kommunalt sals- eller skjenkeløyve ikkje har oppfylt pliktene sine etter alkohollova, føresegner gjeve etter alkohollova, avgjerd i lov eller i medhald av lov som har samanheng med alkohollova sitt føremål, eller plikter som følgjer av vilkår i vedtaket, gjeld føresegner om tildeling av prikkar, jf. alkoholforskrifta kapittel 10.

Prikkar kan berre verte tildelt på bakgrunn av kontroll gjennomført etter alkoholforskrifta kapittel 9 eller rapport frå andre styresmakter.

Kommunikasjon mellom kommunen og personar knytte til sals- og skjenkjestaden som ikkje er i ein kontrollsamanheng, dannar ikkje grunnlag for tildeling av prikkar. Føremålet med denne avgrensinga er å sikre at kommunane skal kunne gje sals- og skjenkjestadene god rettleiing om regelverket og kva stadene kan gjere for å halde det

Ved brot som nemnd i § 10-3 skal kommunen gje løyvehavar eit bestemt tal prikkar. Kor mange prikkar som skal delast ut, knyter seg til kor alvorleg brotet er. I § 10-3 er det fastsette kor mange prikkar det einskilde brotet i utgangspunktet skal føre til.

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år har fått tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret trekke inn løyvet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av to-årsperioden vert gjeve fleire enn 12 prikkar, skal kommunestyret auke lengda på inndragninga tilsvarande.

16.3 Kven kan inndra eit løyve?

Høvet til å inndra eit kommunal løyve er i utgangspunktet lagt til kommunestyret. Kommunedirektøren er delegert mynde til å inndra eit løyve.

I sakspapira til kommunestyret skal kommunedirektøren vurdere om mishaldinga krev ein moderat eller ein streng reaksjon. Inndragning gjeld frå 4 veker etter vedtak er fatta i kommunestyret. Dersom vedtaket vert klaga på, avgjer kommunedirektøren i samråd med ordføraren om vedtaket skal ha utsetjande verknad inntil klaga er behandla. Klaga vert behandla av fylkesmannen, jf. alkohollova §§ 1-16.

Inndragning er eit enkeltvedtak, som kan klagast etter reglane i forvaltningslova. For kommunale løyver er fylkesmannen rette klageinstans, jf. § 1-16 og merknadane til denne.

17. REAKSJONAR VED BROT

Alkoholforskrifta § 10-3

17.1 Følgjande brot fører til tildeling av ein prikk:

- brot på kravet om alkoholfrie alternativ, jf. § 4-6 i denne forskrifta
- brot på reglar om skjenkjemengd, jf. § 4-5 i denne forskrifta
- konsum av alkoholhaldig drikk som gjesten har teke med seg utanfrå, jf. § 4-4 i denne forskrifta
- gjestar tek med alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskrifta
- brot på krav om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad, jf. § 3-3 i denne forskrifta
- brot på vilkår i vedtaket for løyve, jf. alkohollova § 3-2 og § 4-3
- brot på reklameforbodet, jf. alkohollova § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskrifta
- andre brot som vert omfatta av alkohollova § 1-8 første ledd, jf. blant anna alkohollova § 3-1 femte ledd, § 4-1 andre ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.

Dersom løyvestaden får fleire enn 12 prikkar, skal kommunen derfor utmåle inndragingslengda etter følgjande skjema:

- 1 prikk = 1 dags inndraging
- 2-3 prikkar = 2 dagar inndraging
- 4-5 prikkar = 3 dagar inndraging
- 6-7 prikkar = 4 dagar inndraging
- 8-9 prikkar = 5 dagar inndraging
- 10-11 prikkar = 6 dagar inndraging
- 12 prikkar = 7 dagar inndraging
- Dersom løyvehavar får meir enn 12 prikkar, skal inndragingsperioden aukast tilsvarande.

17.2 Følgjande brot fører til tildeling av to prikkar:

- at ein person som er openbert påverka av rusmiddel får tilgang til lokalet, eller løyvehavar ikkje sørger for at person som er openbert påverka av rusmiddel forlèt staden, jf. § 4-1 i denne forskrifta
- manglar ved løyvehavar sin internkontroll, jf. alkohollova § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskrifta
- manglende levering av omsetnadsoppgåve innan kommunen sin frist, jf. kapittel 6 i denne forskrifta
- manglende betaling av gebyr innan kommunen sin frist, jf. kapittel 6 i denne forskrifta
- brot på krav om styrar og avløysar, jf. alkohollova § 1-7c
- gjentatt narkotikaomsetnad på skjenkestaden, jf. alkohollova § 1-8 andre ledd
- gjentatt diskriminering, jf. alkohollova § 1-8 andre ledd.

17.3 Følgjande brot fører til tildeling av fire prikkar:

- sal og utlevering til person som er openbert påverka av rusmiddel, jf. § 3-1 i denne forskrifta
- skjenking til person som er openbert påverka av rusmiddel, jf. § 4-2 første ledd i denne forskrifta
- brot på sals-, utleverings- og skjenketidsføresegnene, jf. alkohollova § 3-4a § 3-7 og § 4-4
- skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkohollova § 1-5 første ledd
- brot på alderskravet til den som sel, utleverer eller skjenker alkoholhaldig drikk, jf. alkohollova § 1-5 tredje ledd

17.4 Følgjande brot fører til åtte prikkar :

- sal, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkohollova § 1-5 andre ledd
- brot på bistandsplikta, jf. § 4-1 andre ledd i denne forskrifta

- brot på kravet om forsvarleg drift, jf. alkohollova § 3-9 og § 4-7
- hindring av kommunal kontroll, jf. alkohollova § 1-9.

18. KLAGE

Ved klage på enkeltvedtak jf. alkohollova § 1-16.

Klagen vert behandla av det organet som fatta vedtaket. Kommunedirektøren har mynde til å avgjere om klaga skal få utsetjande verknad dersom vedtaket får konsekvensar før rette organ kan behandle klaga.

Fylkesmannen er klageinstans.

19. ANDRE FORHOLD

Dei forhold som ikkje er teke med i dette reglementet, vert regulert av alkohollova med forskrifter.

Dette reglementet gjeld frå kommunestyrets vedtaksdato, sjå framsida av denne retningslina.